

Innkalling

Utval: Haram kontrollutval
Møtestad: Haram tenestehus Brattvåg
Dato: 27.03.2025
Tidspunkt: 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735.

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 08/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 09/25 Meldingar og skriv
MS 03/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025
PS 10/25 Uttale etter forenkla etterlevingskontroll 2024 - utlån/startlån
PS 11/25 Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon -
Personalforvaltning

Ålesund, 20.03.2025

Anne Lena Rishaug
Nestleiar

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/25	Haram kontrollutval	27.03.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Haram kontrollutval - 06.02.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 09/25 Haram kontrollutval

Møtedato
27.03.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

03/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/25	Haram kontrollutval	27.03.2025

Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025 Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Haram kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn. Vedlagt er nyhendebrevet for mars 2025.

Vedlegg

Nytt fra FKT mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/25	Haram kontrollutval	27.03.2025

Uttale etter forenkla etterlevingskontroll 2024 - utlån/startlån Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Haram kontrollutval tek uttalen til vitande. Kontrollutvalet er kjend med at Haram kommune i det alt vesentlege har etterlevd kriteriar for startlån i samsvar med forskrift frå Husbanken.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor skal rapportere skriftleg om resultatet av etterlevingskontrollen seinast innan 30. juni 2025. Kommunedirektøren skal ha kopi av uttalen. Før revisor gjev uttalen sin til kontrollutvalet, må kommunedirektøren få moglegheita til å uttale seg til revisor. Uttalen frå revisor skal være ein eigen og ikkje inngå i revisjonsmeldinga i samband med rekneskapsrevisjonen.

Revisor kommuniserer til kommunedirektøren veikskapar og feil av betydning som er avdekte i arbeidet, men som ikkje kjem til uttrykk i uttalen.

Revisor skriver i sin uttale:

Kontrollen har omfattet:

Kontroll av etterlevelse videreutlån – startlån, hvor vi har kontrollert om kommunen:

- 1. Har foretatt behovsprøving, og er mulighet for lån hos privat bank vurdert, jfr. forskriftens §5-2 og §5-4*
- 2. Har dokumentert at låneformålet er kjøp-, oppføring-, utbedring- eller tilpasning av bolig, eller refinansiering av dyre lån for å kunne beholde bolig, jfr. forskriftens §5-3*
- 3. Har dokumentert at det er stillet sikkerhet for utlån, jfr. forskriftens §7-5*

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Haram kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de nevnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån fra Husbanken.

Vedlegg

Uttale frå revisor etter forenkla etterlevingskontroll 2024

Følgjebrev - Uttale frå revisor etter forenkla etterlevingskontroll 2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/25	Haram kontrollutval	27.03.2025

Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Haram kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet i Haram kommune bestilte i møte 6.2.2025 i sak 5/25 forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning.

HKU 05/25 Vedtak:

Haram kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggjast fram på neste møte i Haram kontrollutval 27. mars 2025 og skal vere grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Einar Andersen i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne planen i møtet og kome med innspel.

Kontrollutvalet i Haram kommune bør derfor vedta forslag til prosjektplan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette. Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte planen. Ein kan opplyse om at det har vore møte mellom kommunerevisjonen og sekretariatet i arbeidet med den framlagte planen.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - personalforvaltning
Revisor si erklæring om uavhengigheit - Einar Andresen